

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 Lindås

Våge, 15.05.2022

Alver kommune, byggesak

GBNR 99/4, Våge - NYE SØKNADSOPPLYSNINGAR STEMME IKKJE

Vi har kome over nye søknads-dokument til kommunen frå 99/4, berre sett overfladisk på dei. Ser med ein gong at oppgitte data ikkje stemmer med realitetane. Døme:

- Profilar på terrenget stemmer ikkje med verkelegheita, spesielt grenselinja gjennom tunet i 80 m lengde
- Søknad viser ikkje kva terrenginngrep som er gjort, bygd opp ENORME terrengforandringar med stein over 8 mål, gjennomsnittshøgde 3 meter
- Ikkje dokumentert kva arrangement (terrengheving) som er gjort på/over grenselinja tvers gjennom tunet i 80 m lengde
- Ikkje dokumentert det store området som er **heva samanhengande** rett framfor huset vårt, frå 1 m **på** sjølve grensa til vesentleg over 3 m (truleg 4-5)
- «Dokumenterer» **ein heilt feil trase!** for godkjent landbruksveg gj. tunet til 99/4
- Dokumenterer ikkje den ulovlege vegen Eikevik har bygd, som **avvik grovt** frå godkjent søknad både m.o.t. høgde og plassering.
- Søknaden oppgir for lite behov for tilkjørt masse med bakgrunn i tala for oppgitt areal
- «Ansvarleg utførande» er oppført Eikevik Basseng A/S med kontaktpeson Alf Eikevik. Det er nøyaktig same konstallasjon som har drive systematisk ulovleg anleggsverksemd heile tida på Våge, med samtlege utførte ulovlegheiter.

Ved å lese «Byggesakforskriften (SAK 10) m/veiledning» om ansvarleg utførande sitt ansvar, kan vi sjå at A.E. er **utelukka** frå kunne vere «ansvarleg utførande» vidare på Våge, ved konsekvent og systematisk å ha opptrådd i strid med denne forskrifta i alle dei omfattande ulovlegheitene utført av A.E. personleg på Våge. (1 godkjent løyve: landbruksveg. Heller ikkje **dette** tiltaket er lovleg gjennomført.)

Ved å samanhalde søknads-kartet for «bakkeplanering» med flyfoto over eksisterande område for (ulovleg) stein-uttak på 99/4, vil kommunen sjå at her er planlagt ei enda større utskyting og masseuttak i grensa mot 99/1 (dvs. underteikna).

Den nye søknaden med nye dokument utløyser nabovarsel, vi ber med dette om å få søknaden oversendt til uttale.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust
(Vi viser elles til vår uttale til tidlegare søknad)

